



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, 5557 2317

Vår dato
03.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/10357
Dykkar referanse

Myrkdalen Renseanlegg AS
Myrkdalen
5701 VOSS

Rapport frå inspeksjon ved Myrkdalen Renseanlegg 25. august 2014

Rapportnummer: 2014.047.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Nils Akselberg
Øystein Hirth
Knut Hellesnes

Frå Fylkesmannen i Hordaland:
Sissel Storebø
Britt Solheim

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 2 avvik og har gitt 1 merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- utsleppsløyve
- miljørisikovurderingar

Avvika og merknadene er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.

Myrkdalen Reinseanlegg AS må sende ei skriftleg stadfesting innan 1. november 2014 på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 2.

Britt Solheim e.f.
senioringeniør

Sissel Storebø
senioringeniør

Rapporten er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Voss kommune	Postboks 145	5701	Voss
Cowi AS	Magasinvegen 35	5705	VOSS

1. Informasjon om verksemda

Namn: Myrkdalen renseanlegg AS	Risikoklasse: 3
Besøksadresse: Myrkdalen	
Postadresse: Postboks 14, 5701 Voss	
E-post: nils.akselberg@myrkdalen.no	Telefon: 916 73 013
Kommune: Voss	Organisasjonsnr.: 984 779 313
Bransjenr. (NACE-kode): 42.210 Bygging av vann- og kloakkanlegg	Eigar (org.nr.): 980 392 732
Løyve sist oppdatert: 28. februar 2002	Siste tilsyn: 11. oktober 2010

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne. Tilsynet var del av ein landsdekkande aksjon for å kontrollere om kommunane og verksemdene held miljøkrava til avløpsanlegga frå større tettstader i fylket. Aksjonen er ei oppfølging av aksjonane som vart gjennomført i 2008 og 2010.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Internkontroll med vekt på risikovurderingar og tiltak for å redusere risiko, avvikshandtering og rutiner
- Driftsstabilitet i avløpsanlegget
- Reinsekraft og utslepp til vatn
- Prøvetaking av avløpsvatn
- Krav i utsleppsløyve datert 28. februar 2002

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. november 2014 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon. Dersom avvika ikkje er retta innan fristen, må de sende ein tidfesta plan for når og korleis avvika blir retta innan **1. november 2014**.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. november 2014, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

I vedtaket om tvangsmulkt blir det sett ein ny frist for å sende inn dokumentasjon. Dersom denne fristen ikkje blir heldt, må verksemda betale tvangsmulkta. Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. forvaltningslova § 16.

4. Kontrollgebyr

Myrkdalen Renseanlegg AS skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 000 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for ålmenta via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta, kapittel 11 og 14
- internkontrollforskrifta
- løyvet av 28. februar 2002

Informasjon om regelverket finn de på www.miljodirektoratet.no og www.miljokommune.no.

Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevningen (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og tryggleik som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda oppfyller ikkje alle krav i utsleppsløyve

Avvik frå: Utsleppsløyve datert 28. februar 2002
Forureiningsforskrifta kapittel 14

Kommentarar til regelverket:

1. Det skal takast 6 døgnblandprøver av avløpsvatnet frå avløpsanlegg under 1000 pe, jf. § 14-11, 3. ledd i forureiningsforskrifta om prøvetaking. Prøvetakingpunktene skal vere i samsvar med ein tidsplan sett i verksemda sin internkontroll.
2. Verksemdar som utfører prøvetaking, under dette konservering, skal vere akkreditert for prøvetaking eller ha eit tilsvarende kvalitetssikringssystem for prøvetaking som er

godkjent av ein nøytral instans, jf. § 14-11, 1. ledd i forureiningsforskrifta om prøvetaking.

3. Heile avløpsanlegget skal inngjerast med minimum 1,5 meter høge gjerde og utstyrast med låsbar port, jf. punkt 1.11 i utsleppsløyve.
4. Årsrapport for avløpsanlegget skal sendast Fylkesmannen innan 1. mars kvart år.

Observasjoner under tilsynet:

1. Verksemda har teke 4 prøver av avløpsvatnet i året, i januar etter juleferie, i mars etter vinterferie, i april etter påskefeire og i august etter sommerferie. Dette er krav som er sett i utsleppsløyve. Løyvet er framleis gjeldande, men krava i § 14-5 og § 14-9 til § 14-14 i forureiningsforskrifta erstattar løyvet sine krav til avløpsnett, overvaking, utforming og drift av reinseanlegg, prøvetaking, analyse, vurdering av analyseresultat og varsling av avvik frå reinsekrav. Det vert teke stikkprøvar av tilført vatn i støytbelastaren etter slamavskiljaren og ved prøvetakingsbrønnane nedstrøms kvart basseng. Tilførte vassmengde vert utrekna på grunnlag av talet på tømningar av støybelastaren. Ved kvar prøvetaking vert det teke 2 prøvar frå kvar brønn.
2. Myrkdalen Renseanlegg AS er ikkje akkreditert for prøvetaking av sanitærløpsvann.
3. Infiltrasjonsdammane var ikkje inngjerda.
4. Fylkesmannen har ikkje motteke årsrapport Myrkdalen renseanlegg og rapport om overvaking av vasskvaliteten i Myrkdalselva for driftsåret 2013. Dette vart overlevert Fylkesmannen under tilsynet.

Avvik 2: Miljørisikovurdering for avløpsanlegget er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6 (risiko, planar og tiltak)

Kommentar til regelverket:

Verksemda skal kartlegge farer og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko og utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoen.

Observasjon under tilsynet:

Myrkdalen Renseanlegg AS har gjennomført ei miljørisikovurdering for ytre miljø. Denne er sist endra 15. desember 2010. Risikovurderinga er mangelfull for nokre område. Det er viktige tema/område som ikkje er risikovurdert, til dømes klimatilpassing med meir. Tilhøyrande handlingsplan er mangelfull. Verksemda har ikkje sett tidsfristar for gjennomføring av tiltak og kven som er ansvarleg for gjennomføring.

Verksemda har ikkje utarbeidd skriftleg rutine for arbeidet med og oppdatering av risikovurderinga.

Fylkesmannen rår til at metodikk i Norsk Vann rapport 197/2013 "Avløpsanlegg – vurdering av risiko for ytre miljø" blir nytta i det vidare arbeidet. Vi viser spesielt til vedlegg 3 som er ei basisliste for identifisering av hendingar.

8. Merknader

Vi har gitt følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1:

Prøvetakingsbrønnen P2 nedstrøms infiltrasjonsdammen fungerer ikkje.

Kommentarar:

Det vart opplyst at det ikkje er mogelig å ta prøvar frå prøvetakingsbrønnen P2. Grunnen til dette er at grunnvasspeilet ligg for lavt i forhold til infiltrasjonsdammen slik at ein ikkje får tatt vassprøvar.

9. Andre forhold

Ved årskifte 2013/2014 hadde Voss Fjellandsby ca. 370 hytter og fritidshusvære.

Reinseanlegget har i driftsåret 2013 hatt ei middeltilrenning tilsvarande 310 PE. Maksimal veketilrenning i 2013 med tilført mengde tilsvarande 901 PE. Anlegget har i 2013 teke mot avløp frå Helgatun Fjellstove, Vossestrand hotell, Myrkdalen hotell og Voss Fjellandsby. Det er omlag 10 km med spillvassleidning tilknytt anlegget og det er installert feittavskiljarar frå kvart kjøkken og oljeutskiljar frå garasjeanlegget.

Årsrapporten 2013 konkluderer med at anlegget fungerer godt. Middels reinseffekt er over krav i løyve, men verdiane for enkeltprøvar ligg under krav. Særleg for Tot-P er det ein betydeleg reduksjon i reinseffekt frå 2012 utan at tilrenninga på anlegget har blitt vesentleg større. Gjennomsnitt reinseffekt for Tot-P er 84,0 % og for BOF₅ er 83,6 %. Til hausten skal reiseanlegget utvidast med ny infiltrasjonsdam. Dette er i samsvar med godkjent plan for anlegget.

Overvakinga av vasskvaliteten i Myrkdalselva i 2013 syner samla vurdert miljøstatus «mykje god» ovanfor og «god» nedanfor utsleppet frå avløpsreiseanlegget. Utsleppet er merkbar på miljøkvaliteten ved at dei fleste målte stoff har noko høgare konsentrasjonar nedanfor enn ovanfor utsleppet.

Områdeplanen for Myrkdalen legg opp til omlag 3600 nye fritidsbustader. For å ivareta framtidig infrastruktur for vass- og avløpshandtering i området har Myrkdalen Fjellandsby AS, i samarbeid med andre aktørar i Myrkdalen og Voss kommune, starta opp arbeidet med utgreiing av alternative avløpsløyser for heile området. Utgreiinga skal vere ferdig sommaren 2015. Fylkesmannen ber om å bli halde orientert om framdrifta med arbeidet. Vi vil også vise til tidlegare korrespondanse mellom Voss kommune og Fylkesmannen om ny Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg, gjeldande frå 1. juli 2012. Vidare planlegging og utbygging vil truleg falle inn under vilkåret i lova om vesentleg utviding av eksisterande avløpsanlegg.

Gjeldande utsleppsløyve er av eldre dato. Nye krav i kapittel 14 i forureiningslova er ikkje innarbeidd i dette. Det vil ta tid å planlegge og etablere framtidig infrastruktur for vass- og avløpshandtering i Myrkdalen. Fylkesmannen vil difor i løpet av hausten revidere løyve basert på eksisterande reiseanlegg og teknologi. I samband med tilbakemeldinga på inspeksjonsrapporten ber vi om kommentarar på dette.

10. Bilde



Bilde tatt av Fylkesmannen i Hordaland den 25. august 2014